

VERSJON 2

10.09.25



GARDEN SOM RESSURS 2.0
HOPPID-NETTVERKET MØRE OG ROMSDAL

INNHALD

1.	BAKGRUNN.....	2
1.1	Garden som ressurs 1.0	2
1.2	Erfaringar frå gjennomførte mobiliseringsprosjekt	2
1.3	Fylkesstrategi for landbruk og tilleggsnæringar	7
2.	GARDEN SOM RESSURS 2.0.....	9
2.1	Mål.....	9
2.2	Målgruppe	10
2.3	Organisering.....	10
2.4	Rekruttering av pilotkommuner	11
2.5	Innsatsområder.....	11
2.5.1	Produktutvikling	11
2.5.2	Marknadsutvikling.....	12
2.5.3	Andre innsatsområde.....	12
2.6	Prioriterte tiltak	12
2.7	Tidsplan år 1 av 2	12
2.8	Budsjett & finansiering	13

1. BAKGRUNN

Hoppid-nettverket er eit kompetansenettverk i Møre og Romsdal, tilrettelagt av Innovasjon Norge Møre og Romsdal, Fylkeskommunen og Statsforvalter for førstelinetenesten i alle kommunane i fylket. Utover rådgjeving og støtte til etablerare bistår førstelinetenesten med rettleiing til vekstbedrifter i ulike bransjar, også landbruk.

I fjor ble det igangsett mobiliseringsprosjekt for landbruksaktørar med tilleggsnæringar i fleire kommunar for å legge til rette for samarbeid og utvikling med utgangspunkt i landbruksnæringa.

1.1 GARDEN SOM RESSURS 1.0

Hoppid-kontora blei invitert til å søke om støtte til mobilisering for auka samarbeid og engasjement blant lokale grundera i januar 2024. Vi blei oppfordra til å involvere skog-/landbruks- og ev. næringsavdeling i kommunen, i tillegg til lokale landbruksorganisasjonar og Statsforvaltar, Fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Kompetansenettverk Lokalmat.

9 aktørar fekk innvilga ca. 450 000,-, med inntil 50 000,- i støtte til kvart prosjekt:

- Aure kommune, i samarbeid med Vindel
- Vindel, Kristiansund, Averøy, Tingvoll
- Surnadal kommune, i samarbeid med Sunndal Næringssselskap
- Sunndal Næringssselskap, i samarbeid med Surnadal kommune
- Nordveggen, Rauma
- Fjordhagen, Fjord
- Sykkylven Næringsutvikling, i samarbeid med Stranda kommune
- Stranda kommune, i samarbeid med Sykkylven Næringsutvikling
- Vanylven Utvikling

1.2 ERFARINGAR FRÅ GJENNOMFØRTE MOBILISERINGSPROSJEKT

Aure kommune hadde som mål å styrke samarbeidet mellom landbruksaktørane ved å bli betre kjent seg imellom, og med verkemiddelapparatet. Ein inviterte til nettverkstreff i juni, kor 17 deltakarar fekk foredrag frå Vindel om rådgjeving til etablerare og vekstbedrifter, om synligheit ved Visit Nordvest, bedriftsnettverket Kyststreif, siderproduksjon, jaktutleige, reiseliv, og aktuelle verkemiddel ved Fylkeskommunen. Samlinga har ført til 3 nye Hoppid-caser, og betre kjennskap til Hoppid blant gardsgründera og mellom næringskontor og landbrukskontor.



Vindel innovasjons- og kompetanseselskap på Nordmøre inviterte til samling i Tingvoll og i Averøy i april, med totalt 35 gardbrukarar frå kommunane Gjemnes, Tingvoll, Averøy og Kristiansund. Dei var gjennomført i samarbeid med Statsforvaltar, Innovasjon Norge og Norsøk. Påfølgjande spørjeundersøking slo fast stort behov for å møtast på slike treff, også meir kunnskap om marknadsføring og sal. Vindel kom i kontakt med fleire gardbrukarar som ønska vidare oppfølging, og fleire Hoppid-prosjekt mellom anna gardsutsal, ysteri, salatproduksjon, gjødselproduksjon, ny driftsbygning, rideassistert fysioterapi og kjøttproduksjon. Anbefalingar for vidare satsing er rekruttering til treff i samarbeid med landbrukskontoret, Innovasjon Norge, og fokus på foredling av varer og tenester, samt prising.

Surnadal kommune gjennomførte i samarbeid med *Sunndal Næringssselskap* 3 samlingar i mai, juni og september med 25-31 deltakarar per samling, med tema lokalmat, gardsbygningen og verkemiddelapparatet sine tenester. Statsforvaltar, Fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Norsk Landbruksrådgjeving deltok på samlingane. Dei hadde diskusjonar om lokalmat-utsal, felles informasjon/profilering, gardsbygningar og seterdrift. Tilbakemelding frå aktørane var at dei ser stor verdi i å møtast på tvers, diskutere og lære meir. Fleire nye samarbeid og tiltak har blitt til takka vere møtestaden, til dømes samarbeid mellom Nennsom i Sunndal og Tingvoll Sider om blomsterbindingskurs og sidersmaking. Etter samlingane har Hoppid-kontoret dialog med fleire etablerarar om utsal, kurs, profilering, matfestival, turisme og etablering av sølvsmie. Her trekker Hoppid-kontora fram fordelene med å komme inn i ei tidleg fase for dei som går med ein idé for å kunne vere ein god støttespiller i avklaringsfasen.



Nordveggen i Rauma sine mål for samlingane var å vise fram muligheitene som finst i å utvikle tilleggsnæring, og korleis verkemiddelapparatet kan vere støttespelar. Samling i mars og august for 25-35 deltakarar, gjennomført i samarbeid med landbrukskontor og teknisk etat, Statsforvaltar, med tema verkemiddelapparatet, prosjektgjennomføring, samarbeid, og eksempel frå ulike tilleggsnæringar. Hoppid-kontoret har fire caser som direkte resultat av satsinga. Erfarte behov for meir samarbeid med landbrukskontor og teknisk etat da fleire satsingar krev rettleiing på fleire område som til dømes oppgradering av driftsbygningar og gjeldande regelverk før Hoppid-kontoret legg inn ressursar på rettleiing på forretningsutvikling. Deltakarane ga tilbakemelding om behov for fleire samlingsplassar og nettverk, då mange saknar nokon å diskutere idéane sine med.



Fjordhagen i Fjord kommune arrangerte ei fagsamling i oktober for 16 deltakarar i samarbeid med Statsforvaltar, med gardsturisme, lokal mat og drikke som tema, med koplingar mot cruiseturisme, frukt og sider, nye generasjonar, offentlege verkemiddel og kompetanseutvikling. Hoppid-kontoret har i etterkant oppfølging av 5 satsingar med utspring frå garden som ressurs.



Sykkylven Næringsutvikling arrangerte nettverkstreff i mars og april med 30-40 deltakere på kvart treff. Suksesskriteriene for godt oppmøte var god forankring i lokale landbruksorganisasjoner, kopling med lokalt landbrukskontor og gode foredragsholdere. Tema for foredrag var lokalmat-utsal, norsk ull, birøkting, turisme, andelslandbruk, fruktdyrking, Inn på tunet og open gard, kveik og ølbrygging, og felles marknadsføring gjennom Sykkylven.com (som vert ivareteken av førstelinetenesta). Deltakarane fekk tilsendt oppsummering og kontaktliste etter kvar samling. Representantar frå Innovasjon Norge og Statsforvaltar deltok på samlingane. Tilrettelagde workshops utfordra deltakarane på kva ein vil satse på, korleis ein skal få det til, kvifor ein bør satse på dette, kven vil samarbeide og når vil ein sette i gang. Det førte til gode diskusjonar, og mange idéar som betre utnytting av gardar og bygningar med til dømes kaninformer, garving av saueskinn, gardsbutikkar, pop-up, behov for avløysarkurs, samarbeid med flyktningtenesta i kommunen, siderproduksjon, felles merkevare, grønsakdyrking, ulike opplevingstilbod som riding og stølsturisme. Resultat frå mobiliseringa var 2 søknadar om støtte til etablering av birøkting, støtte til kompetanseutvikling for ølbrygger, og etablering av lokalmatutsalet Jord & Fjord i Sykkylven sentrum. Førstelinetenesta fungerte som rådgjevar, tilretteleggjar og utarbeida søknad om støtte frå Omstillingsprogrammet til eit eittårig pilotprosjekt for lokalmatutsal, som seinare har blitt vidareført i ein lokal butikk. Etter ønske om kurs vart det arrangert kurs i fermentering på hausten i samarbeid med Lokalmat Midt, men med berre 5 deltakere.



Stranda kommune satt «Sunnmørsgarden som ressurs» som tema på ei felles arbeidsøkt med diskusjonar rundt gardsressursar, korleis vi kan dyrke og foredle i framtida, og bedriftsbesøk på Skarbø gard med omvising i eplehagar, sideri, ysteri og gardsbutikk. Det kom ca. 20 deltakarar frå både Stranda og Sykkylven på samlinga i mars.



Vanylven Utvikling inviterte til inspirasjonskveld i april med fokus på lokalmat med besøk frå Sølvane gard i Gloppen. Statsforvaltar, landbrukskontor deltok saman med 28 deltakarar. Ein fekk 3-4 saker i Hoppid; med oppstart vidareforedling og kjøttproduksjon av hjort og sau, sider-produksjon, utsal av lokalmat og asiatisk mat, gardsturisme med jakt- og naturopplevingar. Diskusjonar om sal og distribusjon av lokalmat, også betre ressursutnytting av dei 6-700 skotne hjortedyra per pr år med tanke på kjøtt, skinn og jaktopplevingar. I september vart det arrangert inspirasjonstur til Sandane og Kandal, med presentasjon av deira produsentlag med 40-50 andelseigarar, matarrangementet «Matamål», Nordfjord SMAK med 18 deltakarar. Ønskjer å jobbe vidare med etablering av produsentlag med eige utsal og felles distribusjonskanal samla innunder merkevara SMAK Vanylven.



Samla oppsummering - konklusjon

- God oppslutning syner behovet for møtestadar, men og finansiering av nettverkstreff
- God effekt, med fleire etableringar og utviklingsprosjekt i etterkant
- God forankring med lokale og regionale aktørar er viktig, inkl. lokalt landbrukskontor
- God gjennomføring på gardsbruk med relevante tema, med lokalmat og helst på kveldstid
- Modne nettverk kan vere aktuelle for Innovasjon Norge sin bedriftsnettverksordning, men krev vidare oppfølging
- Godt koordinert av eit velfungerande kompetansenettverk i Hoppid

1.3 FYLKESSTRATEGI FOR LANDBRUK OG TILLEGGSNÆRINGAR

I Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026 står det følgjande i kapitelet om nye forretningsidear:

«Det er potensiale for ny næring i landbruket. Verdiskapinga i landbruket består av meir enn å produsere mjølk, kjøtt og byggematerial. Det er i dag ein aukande marknad for opplevingar og tenester frå landbruket. Nye verdikjeder og distribusjonskanalar vert utvikla, og landbruket har alltid vore «mangesysleri».

Mange hentar inntekter frå tilleggsnæring

I NIBIO sin verdiskapingsanalyse er det 52 prosent av landbruksføretaka i Møre og Romsdal som driv ein eller annan form for tilleggsnæring. Leigekøyring er den vanlegaste tilleggsnæringa (26 % av førekomstane), deretter kjem utmarksnæring (21%), ulike former for utleige (21%), tenesteyting (14%), vedproduksjon/juletre m.m. (11%), reiseliv (55%), vidareforedling (3%) eller andre aktivitetar (3%).

Samla sett har NIBIO rekna ut at tilleggsnæringane gav ei verdiskaping på 162 mill. kroner i bruttoprodukt i 2020, og ei sysselsetjing på 165 årsverk. Samstundes kan tilleggsnæring fort bli hovudnæring. Ruralis sin rapport «Trender i norsk landbruk 2022» viser at 27 prosent av bøndene vil halde fram med tilleggsnæring på bruket i same omfang som i dag, medan 15 prosent har planer om å auke omfanget av anna næringsverksemd enn tradisjonelt jord- og skogbruk.

Potensiale for auka tenesteproduksjon frå garden

Den nasjonale reiselivsstrategien, «sterke inntrykk, små avtrykk», viser at verdiskaping og sysselsetjing i reiselivet er i stadig vekst. Norsk mat og drikke er viktig del av opplevinga, og mangfald og kvalitet har hatt ei rivande utvikling siste 20 åra, også i Møre og Romsdal. Gjennom Inn på tunet kan landbruket vere ein arena for helse, omsorg og opplæring. Slike tenester har eit potensiale for å skape arbeid fleire arbeidsplassar i landbruket i åra framover.

Ambisjonar om meir økoproduksjon

Ruralis konkluderer, i ein rapport bestilt av Statsforvaltaren (2022), med at det er rom for å auke den økologiske jordbruksproduksjonen i Møre og Romsdal. Muligheitene er størst ved å satse på produksjon basert på beitedyr, og ved å auke produksjonen av grønsaker, frukt, bær og korn.

Må få tilgang til marknaden

Daglegvaremarknaden i Norge er dominert av nokre få store og sentralstyrte kjeder. Å få tilgang til marknaden kan vere ei utfordring for lokale produsentar. For å auke foredlingsgrad og dermed verdiskapinga må nye mottaksapparat, distribusjons- og salskanalar testast ut.

Landbruket – ein grøn energiprodusent

I ein situasjon med aukande energiprisar vert energiproduksjon på eigen gard stadig meir aktuelt. Det gjeld både vedproduksjon og bioenergi. Også her kan salskanalar og distribusjon vere ein flaskehals, og noko det bør jobbast for å forbetre.

Nærare om måla

Resultatmål: Fleire og betre forretningsidear med gardsbruket som utgangspunkt og nye marknader som mål.

Landbrukseigedomen og gardbrukaren har mange ulike ressursar som kan vere grobotn for næringsutvikling. Vi skal nytte gründerhjelpa i hoppid.no til å ta alle initiativ på alvor, og tenke nytt om kva vi kan by fram frå landbruket. Både for mat og tenester frå landbruket finst det marknader som vil betale godt for rett kvalitet. Det blir viktig å vise fram kva store og små tilbod som finst i Møre og Romsdal.

Fylkesstrategiar for å nå måla:

Få fram fleire gründerar som brukar garden som arena for nye produkt, nye tenester og nye forretningsmodellar

1. Bruke gründerhjelpa i hoppid.no til å utvikle fleire bedrifter med gardsbruket som utgangspunkt

Skape fleire berekraftige heilårsopplevingar i landbruket

1. Utvikle fleire unike matspesialitetar som ingrediens i dei opplevingane besøkande i Møre og Romsdal vil betale for
2. Utvikle fleire opplevingsprodukt og overnattingstilbod knytt til aktiv gardsdrift
3. Bruke rådgivingstenestene i det regionale kompetansenettverk for lokal mat og drikke
4. Sette i gang fleire bedriftsnettverk som koplar reiseliv, mat og kultur

Utdanne fleire kokkar som ser potensiale i lokale råvarer

1. Få opp fleire læreplassar for kokkar i Møre og Romsdal
2. Etablere eit samarbeid mellom landbruksnæringa og utdanningstilboda innan restaurant og matfag

Utvikle og ta i bruk nye salskanalar for lokalproduserte landbruksvarer

1. Meir direktesal mellom produsent og forbrukar, gjennom ordningar som rekoring, andelslandbruk, marknadshagar m.m.
2. Utgreie mulighetene for fleire lokale mottak og distribusjonsledd slik at frukt, bær og grønt og andre lokalproduserte varer når fram til marknaden

Auke produksjonen av økologiske landbruksprodukt i Møre og Romsdal

1. Gjennomføre prioriterte tiltak i rapport frå Ruralis (2022)

Vidareutvikle tilbodet av Inn på Tunet-tenester i Møre og Romsdal, i takt med etterspørsel og betalingsvilje

1. Bidra til å vise fram kva Inn på Tunet-bedrifter kan tilby

Utvikle breidde i lokalmatttilbodet

1. Fremme nisjeprodukt som til dømes birøkt. I tillegg til produksjon av honning og bieprodukt er biene gode pollinatorar og nødvendig for fruktdyrking

2. GARDEN SOM RESSURS 2.0

Med bakgrunn i landbruksstrategien og erfaringane frå mobiliseringsprosjekta i fjor ønskjer fleire Hoppid-kontor å vidareføre satsinga med tilrettelegging av møtestadar, og vere ein aktiv støttespelar og rettleiar for gardbrukarar som ønskjer å utvikle tilleggsnæringar.

Vi ønskjer å gjennomføre dette i samarbeid med det regionale verkemiddelapparatet; Statsforvaltar, Fylkeskommune, Innovasjon Norge, lokale landbrukskontor og ulike organisasjonar som til dømes Bondelag, Småbrukarlag, reiselivsorganisasjonar og lokalmat-organisasjonar.

2.1 MÅL

Hovudmålet er å styrka næringsgrunnlaget på gardsbruk i fylket gjennom auka satsing på tilleggsnæringar. Det vil vi gjere gjennom vidare mobilisering til nettverkstreff, kunnskapsutvikling og deling, inspirasjon og samarbeid gjennom å etablere nettverksgrupper. Som førstelineteneste tar vi høgde for at terskelen for deltaking skal vere låg, med mål om at aktørane aktivt støtter kvarandre og på sikt moglegheit til å etablere fleire forpliktande temabaserte nettverk.

Gjennom nettverksutvikling vil vi legge til rette for at aktørane skal bli betre kjent, med mål om å skape tillit mellom aktørane som grunnlag for gode, tillitsbaserte samarbeid. Det kan vere temabaserte samarbeid eller samarbeid i verdikjeda. Erfaringar frå gründernetverket i Vestfold, som vi har henta inspirasjon og erfaringar frå, seier at det går kort tid frå ei aktiv nettverksgruppe blir etablert til dei går i gang med å sjå på felles moglegheiter for å løyse ein del av dei utfordringane vi allereie veit at dei fleste har. Dette inneber løysingar rundt frakt/logistikk, samkøyring av sal og plan for framsnakk og å aktivt nytte seg av kvarandre sine tenester. I tillegg til felles produkt og tenesteutvikling.

Som Hoppid-kontor vil vi utfordre den enkelte på korleis dei kan utvikle sin forretningsmodell, gjennom foredling av gardens ressursar, marknadsutvikling og samarbeid – eller utvikling av nye forretningsområde. Men, kva hovudfokus nettverka skal ha må vere opp til kvar enkelt nettverksgruppe og deira behov.

Den enkelte deltakar må sjølv definere ambisjonar og mål for si satsing, dette vil dei bli utfordra på før dei blir med på første nettverksmøte, slik blir det også enklare å setje saman folk i dei ulik nettverka.

Måloppnåing i kvar enkelt pilotkommune vil målast i:

- tal deltakarar på minimum eit nettverkstreff i kvartalet
- tal etablerte nettverk, samt utvikling og måloppnåing i desse som kan vere nye opplevingskonsept, produkt eller tenester
- salsauke i deltakande bedrifter, der det kan stadfestast

For vår regionale satsing sett vi som mål at:

- minst to av nettverka utløyser midlar til forpliktande samarbeid, med støtte frå Innovasjon Norge sin bedriftsnettverksordning ila. den 2-årige prosjektperioden
- får ei betre kopling mellom reiseliv, mat og kultur, med mål om gjennomføring av 10 arrangement per prosjektår som nettverka arrangerer/inviterer til i fellesskap
- det blir auka samhandling mellom aktørane, med 10 konkrete eksempel per år frå aktørar som har starta å kjøpe tenester frå andre lokale aktørar som dei tidlegare ikkje har handla ifrå
- nettverka utviklar minst 2 nye matspesialitetar frå fylket per år
- fleire kaféar og restaurantar nyttar lokale råvarer kjøpt frå lokale gardbrukarar

Samarbeid over kommunegrensene er positivt, der det er formålstenleg.

Ein bieffekt av satsinga er at hoppid-rådgivarane har ein konkret og god grunn til å samarbeide seg imellom og med kommunane. Dette vart trekt fram som særleg positivt i rapportane etter førre prosjekt. I tillegg vil hoppid-kontaktane gjennom dette prosjektet få verdifull trening i å setje saman og fasilitere nettverksgrupper, noko som igjen kan gje positive ringverknader innanfor alt næringsliv i fylket.

2.2 MÅLGRUPPE

Landbruksaktørar med ambisjonar om å utvikle tilleggsnæring på garden er hovudmålgruppa for dei landsbruksbaserte nettverkstreffa i Garden som ressurs 2.0.

I løpet av prosjektperioden ønskjer vi å få etablert mindre og meir forpliktande nettverk mellom minimum 3 gardbrukarar per nettverk. Hoppid-tenesta vil dermed nå ut til ei målgruppe som ofte går «litt under radaren». I tillegg til å yte ein-til-ein rådgjeving vil aktørane kunne få felles rådgjeving gjennom nettverksarbeidet. Det vil for støtteapparatet vere enklare å kople på riktige aktørar til å støtte med rådgjeving. For eksempel, NLR, kompetansenettverk lokalmat, NORSØK og andre aktørar som vi har god kjennskap til og eit godt samarbeid med på fylkesnivå.

2.3 ORGANISERING

Satsinga vil ha ei organisering på fylkesnivå:

- Prosjekteigar Hoppid-kontora
- Prosjektansvarleg/koordinator fylkesnivå Marie Teigland, Statsforvaltar i Møre og Romsdal
- Prosjektleiar Åsne Folstad, Sykkylven Næringsutvikling
- Regional styringsgruppe:
 - Prosjektleiar
 - Prosjektansvarleg/koordinator
 - 2 representantar frå prosjekta som får søknad innvilga. Dei to må representere hoppid-kontor med ulik styringsform der den eine bør vere kommunal.
 - Ein representant frå Bondelaget, Hanen og Innovasjon Norge

Regional styringsgruppe vil vurdere søkjarar og vedta kven som blir tatt opp i prosjektet, det vil vere prosjektansvarleg/koordinator og prosjektleiar som utfører arbeidet med å koordinere dei lokale prosjektstyringsgruppene

Kvar kommune vil organisere sine prosjekt lokalt med eigne styringsgrupper/arbeidsgrupper for prosjektet. Rolla til lokale styringsgrupper/arbeidsgrupper blir å prioritere lokale tiltak og legge til rette for gjennomføring av desse, samt koordinering og rapportering til regional prosjektleiar. Dette fungerte under gjennomføringa av Garden som Ressurs 1.0 og vi er difor trygge på at dette vil bli godt ivaretatt også vidare.

Fleire lokale styringsgrupper/arbeidsgrupper inkludert lokale landbruksorganisasjonar, landbrukskontor, eldsjeler og pådrivarar for samarbeid og utvikling i første fase vil vere aktuelle for vidare satsing.

Eit prosjektstyre vil fungere etter mal for PLP-prosessar, eller etter mal for eit selskapsstyre sjølv om det vil vere utan same formelle forpliktelsar som til dømes i eit selskapsstyre.

Involveringa av bonden sjølv skjer først i samband med opprettinga av dei ulike nettverka, kor aktørane sjølve er med å styrer retninga i kva dei skal løyse gjennom jobbing i nettverk, fasilitert av lokale hoppid-kontaktar.

2.4 REKRUTTERING AV PILOTKOMMUNER

Det er ønskeleg at Garden som ressurs 2.0 vert offentleggjort av det regionale verkemiddel-apparatet ved Fylkeskommune og Statsforvaltar, tilsvarande gjennomført mobiliseringsprosjekt.

Kriteria eller opptakskrav for å bli med er dokumentasjon på behov frå lokale næringsaktørar og deira lokale organisasjonar, tilsvarande sluttrapportane frå dei aktørane som har gjennomført forstudie/mobiliseringsprosjekt.

Det bør óg vise til at aktuelle tilleggsnæringar ein ønskjer å utvikle er i samsvar med prioriteringane i Landbruksstrategien for Møre og Romsdal.

Prosjektansvarleg og prosjektleiar innstiller på deltakarar frå dei ulike kommunane til den regionale styringsgruppa som vedtek kven dei meiner kvalifisera til prosjektdeltaking i år 1 av 2.

For vidare deltaking i år 2 må den enkelte søkjar dokumentere effekt av satsinga etter første år. Om nokon fell i frå kan styringsgruppa ta opp nye søkjarar.

Landbruksaktørar er ei av fleire målgrupper for Hoppid-kontora, utan at vi elles har finansiering til ei ekstra innsats og tilrettelegging som gjennom satsinga «Garden som ressurs». Med god oppslutning i første fase, håpar vi på fortsett stort engasjement i neste fase.

Vidareføring etter skissert 2-årige satsing vil vere mogleg gjennom andre verkemiddel som Innovasjon Norge sin bedriftsnettverk-ordning, kor vi kan hjelpe aktuelle kommersielle nettverk i søknadsprosessen. Nettverka kan og naturlegvis leve vidare, utan direkte fasilitering frå Hoppid og anna offentleg støtte.

Behov og moglegheiter for finansiering av ei eventuell vidareføring med oppfølging av aktuelle nettverk i regi av Hoppid-nettverket bør kartleggast i prosjektperioden.

2.5 INNSATSOMRÅDER

I samsvar med fylkesstrategien for landbruk og kartlegging gjennom kommunane som deltok i Garden som ressurs 1.0, ser vi føre oss følgjande innsatsområde:

2.5.1 PRODUKTUTVIKLING

Lokal mat og drikke

Foredling til dømes sider-produksjon, øl-produksjon (som tilleggsnæring), merkevarebygging og sal. Også dyrking av frukt, bær og grønsaker.

Opplevingar og overnatting

Til dømes gardsbesøk, Inn på tunet, Stølsturisme, matopplevingar, og ulike kulturopplevingar knytt til garden.

Hoppid-kontora i fylket har rådgjevarar med kompetanse innan matforedling, konseptutvikling, og god kjennskap til ulike aktørar i region og landsdel som kan nyttast inn i prosjektet. I regional styringsgruppe har ein også god kjennskap til andre aktuelle aktørar som kan koplast opp mot nettverksgruppene direkte for å hjelpe til med å løyse problemstillingar som er relevante for alle i den enkelte nettverksgruppa.

2.5.2 MARKNADSUTVIKLING

Marknadsutvikling er nemnd blant fleire gardbrukarar som ønska tema vidare i innleiande mobiliseringsprosjekt. Mange aktørar har fokus på produktutvikling, utan å kjenne marknaden med ulike salskanalar mot ulike målgrupper, som til dømes reiseliv.

Hoppid-kontora har fleire rådgjevarar med kompetanse og erfaring frå marknadsføring og sal, som vil nyttast i prosjektet. I tillegg har vi samarbeid med ulike kompetansemiljø som til dømes Hanen, Rekoringen, Kompetansenettverket Lokalmat, Norsk Landbruksrådgjeving og både lokale og regionale marknadsføringsselskap som Destinasjon Ålesund & Sunnmøre/Visit Nordvest.

2.5.3 ANDRE INNSATSOMRÅDE

Vi ønskjer eit litt opent innsatsområde, slik at ein ikkje risikerer at ein avgrensar for nye, aktuelle satsingar. Dei må samstundes vere i tråd med Landbruksstrategien for Møre og Romsdal. Utnytting av lokale, tradisjonelle handverksprodukt med utspring frå garden, kan vere aktuelle satsingsområde.

2.6 PRIORITERTE TILTAK

Etter at 10 pilotkommunar er rekruttert, er deira rolle å legge til rette for samlingar, koordinere innsatsen i kvar kommune, delta på møter initiert av prosjektansvarleg og sikre gode koplingar mot resten av verkemiddelapparatet og aktuelle organisasjonar.

- Oppstartssamling og erfaringsdeling for pilotkommunar, for felles struktur og verktøy
- Forankre og organisere lokale prosjekt-styrer/arbeids-grupper
- Tilrettelegge, rekruttere, gjennomføre og oppsummere nettverkstreff
- Sette saman lokale nettverksgrupper, etter fase, tema eller verdikjedesamarbeid
- Rettleiing forretningsutvikling 1:1 og mindre nettverk (forretningsutvikling Osterwalder)
- Kurs og/eller studieturar

Etter mobiliseringsprosjektet i fjor med fokus på nettverkstreff, med inspirasjon og for å bli betre kjend, ønskjer vi for denne vidareføringa å ha større fokus på forretningsutvikling og rådgjeving. Vi må gå i tettare dialog med den enkelte gardbrukar for å kartlegge deira behov og ønskjer for utvikling for slik å ha ein enda meir målretta eller spissa satsing.

2.7 TIDSPLAN ÅR 1 AV 2

Informasjon om satsinga planlagd 27. august i samband med dialogmøte for Hoppid-nettverket.

Rekruttering av ca. 10 pilotar i oktober.

Informasjon til hoppid-kontaktane om korleis byggje gode nettverk – november.

Oppstart nettverkstreff januar-februar.

I løpet av det første året vil kartlegging av deltakaranes ambisjonsnivå gjennomførast, med fokus på å etablere samarbeid og gode tillitsforhold slik at dei kan fungere som sparringpartnarar og støtte i den enkelte sine utviklingsprosjekt.

I arbeidet med å styrke forretningsgrunnlag og lønsemd hos den enkelte deltakar vil vi kartlegge moglegheitene også for kommersielle nettverk, kor bedriftsnettverkordninga til Innovasjon Norge kan vere aktuell.

Det vil bli gjennomført eit eige opplegg for Hoppid-kontaktane som deltek i Garden som ressurs 2.0 under Innovasjonsfestivalen i november (vert tilrettelagd av Hoppid på fylkesnivå), og styret vil legge fram forslag til felles aktivitetar og møter for det kommande året.

2.8 BUDSJETT & FINANSIERING

For at terskelen skal vere låg vil vi ikkje krevje betaling for deltaking, for slik å lettare kunne rekruttere gardbrukarar som seier dei har behov for nettverk og møteplassar slik det vart gjort i mobiliseringsprosjektet i fjor. Dersom nokre av dei lokale styringsgruppene ønskjer å gjennomføre studieturar kan dei vurdere eigenandel frå deltakarane. Alt av omsøkte midlar vil gå til å dekke utgifter knytt til tiltak tilrettelagd for nettverksdeltakarane.

Per år 600 000,- i ein 2-års periode for tildeling til kommunane, prosjektleiing og fellessamlingar. Søknadssum MNOK 1,2 over 2 år.

Regional styringsgruppe vil kartlegge og søke om støtte frå andre kjelder til dømes Gjensidige sitt Berekraftfond retta mot landbruket, for slik å kunne auke omfang av tiltak og felles aktivitetar i prosjektperioden.

Kostnadsomfang vert rekna til 750 000,- per år, der det vert forventa at søkjarane deltek med 33% eigenkapital i form av timeforbruk (del av Hoppid-avtale). Dvs. utmåling på 67 % frå det offentlege verkemiddelapparatet til kommunane. I tillegg bereknast 150 000,- til felles oppstartssamling og erfaringsdelingar for prosjektleiarar i dei enkelte kommunane, organisert av ein felles prosjektleiar.

TILTAK PER ÅR	Kostnad	Støtte	Støtteandel
Kommunale prosjekt*	750 000	500 000	67 %
Felles samlingar og regional prosjektleiing**	150 000	100 000	67 %
Total per år	900 000	600 000	67 %

* Kommunale prosjekt

Kr 50 000,- i støtte til 10 kommunar, eigeninnsats per kommune 25 000,- (arbeidstid og ev. reisekostnadar)

Dei ulike kommunane må sjølv definere prioriterte arbeidspakkar for sine prosjekt i samarbeid med aktuelle aktørar som landbrukskontoret, lokale bondeorganisasjoner etc.

** Felles samlingar og prosjektleiing

Kr 50 000,- til felles samlingar, til servering, møteromsleie etc., eigeninnsats 25 000,- (arbeidstid og reisekostnadar deltakarar)

Kr 50 000,- til regional prosjektleiing estimert ut ifrå ca. 2 vekers arbeidstid til informasjon, koordinering, tilrettelegging og rapportering av alle prosjekt samla, eigeninndecking 25 000,-. Timesats kr 700,-.

Aktuelle arbeidspakkar som prosjektstyre vil diskutere og vedta:

- I Produktutvikling, i eiga verksemd og samarbeid med andre 30% av budsjett
- II Marknadsutvikling, i eiga verksemd og samarbeid med andre 30% av budsjett
- III Forretningsutvikling, eg. ein del av ovannemnde 20% av budsjett
- IV Andre innsatsområde, 20% av budsjett

Kvar pilotkommune får inntil 50 000,- per år i ei 2-års periode frå midlane finansiert frå Fylkeskommunen, men må søke regional styringsgruppe for kvart år.

Om vi får innvilga støtte frå private kjelder vil det gå til nettverksarbeid og koordinering/erfaringsdeling for best mogleg utbytte, og som styringsgruppa vil ta stilling til.

